



## Referat frå elevårsmøte 20.02.2022

Desse møtte:

Marie Chloe frå 2. årsteg, Aisha og Nikolas frå 3. årsteg, Matheo frå 4. årsteg, Marta og Julie frå 5. årsteg, Mudasir frå 6. årsteg, ingen frå 7. årsteg.

Tema: Korleis vere ein god ven på skulen

Elevrådsmøte blei ikkje heilt som planlagt, då vi måtte vere i amfiet og mange var borte.

Elevrådsrepresentantane hadde tatt opp temaet på årstega og mange gode innspel hadde kome.

- Ikkje tillate utestenging
- Dele tankar, godt humør, leikar og gode ord
- Vere snill og bry seg om alle
- Seie hei til nye elevar og tilsette
- Ta andre med i leik, venskap og prat
- Snakke ærleg og sant
- Gje beskjed til ein vaksen når noko gale skjer
- Gje kompliment
- Vere hjelpsam og trøyste andre
- Respektere kvarandre

Elevrådsrepresentantane tykte det gjekk fint å ta temaet opp på årstega, men dei sakna meir engasjement. Dei ynskjer også å styre diskusjonen sjølv og berre få hjelp av lærar når dei treng det. Det er ikkje læraren som skal styre diskusjonen og ordet, men hjelpe til dersom representantane treng det.

Vi har gode reglar på skulen, både på årstega (i klasserommet) og i friminutta, i tillegg til ordensreglane på skulen. Elevrådet opplever likevel konflikhtar og at reglane ikkje blir holdt. Dette ynskjer vi å diskutere til neste gong. Temaet blir då reglar på skulen. Rektor kallar inn til neste møte.

Linda Selheim

Rektor og referent